

Eksamen

Eksamensdato: 03.06.2016

Fagkode: MAR2003

Fagnavn: Dokumentasjon og kvalitet

Programområde: Maritime fag

Nynorsk Eksamensinformasjon

| | |
|----------------------------------|---|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timar. |
| Hjelpemiddel | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| Bruk av kjelder | <p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | Ingen |
| Informasjon om vurderinga | <p>I dette oppgavesettet vil det bli lagt vekt på:</p> <p>Kjennskap til gjeldende lovar og konvensjonar som gjeld på eit skip. Bruk og forståing av interne prosedyrar som omfattar det daglege arbeidet om bord.</p> |

Oppgåve

Du er ombord på eit norskregistrert supplyskip som går i nordsjøfart. Ta føre deg stillinga som matros eller som motormann. Gjer greie for den kompetansen som det er forventa at du skal ha etter STCW-konvensjonen, og korleis han blir evaluert.

Kompetansen til bemanninga ligg som ein del av eit kvalitetssikringssystem. Forklar korleis dette er bygd opp og korleis det fungerer.

Utarbeid eit tryggleiks- og beredskapssystem for den båten du er ombord på og gjer greie for pliktene dine i samband med dette.

Du har fått ansvaret for å tømme og reingjering av ein av dieselbunkertankane til skipet. Ein anslår at det er 3-4 kubikk med restdiesel og vatn igjen på tanken som transfer-pumpa ikkje klarar å suge, før du byrjar arbeidet. Beskriv inngåande korleis du vil utføre arbeidet i tråd med dei gjeldande forskriftene om arbeidsmiljø, tryggleik og helse.

Maskinsjefen fortel deg at væska som er på tanken ikkje kan brukast til noko, og at du kan kvitte deg med ho. Han fortel deg at skipet har fått "Green Awards-godkjenning", og at skipet då har utstyr for avfallshandtering. Gjer greie for korleis du i kronologisk rekkefølge skal handtere dette avfallet og førebygge skadelege utslepp i dei aktuelle havområda etter gjeldande lovar og konvensjonar.

Mens du held på med arbeidet, går 1. maskinisten forbi deg og gir deg nokre råd. Han ber deg bruke «papirbaserte eller digitale oppslagsverk både på norsk og engelsk som støtte for dette arbeidet.» Gjer greie for kva dette inneber for deg ved denne jobben.

Dagen er omme og du er ferdig med det du vart beden om å gjere. Beskriv korleis du vil vurdere arbeidet ditt etter arbeidsordren, teikningar, kostnadar og standardar som er lagt til grunn for jobben.

Bokmål

Eksamensinformasjon

| | |
|-----------------------------------|--|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timer. |
| Hjelpemidler | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| Bruk av kilder | <p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | Ingen |
| Informasjon om vurderingen | <p>I dette oppgavesettet vil det legges vekt på:</p> <p>Kjennskap til gjeldende lover og konvensjoner som gjelder på et skip. Bruk og forståelse av interne prosedyrer som omfatter det daglige arbeidet om bord.</p> |

Oppgave

Du er ombord på et norskregistrert supplyskip som går i nordsjøfart. Ta for deg stillingen som matros eller som motormann. Gjør rede for den kompetansen som det er forventet at du skal ha etter STCW-konvensjonen, og hvordan den evalueres.

Bemanningskompetansen ligger som en del av et kvalitetssikringssystem. Forklar hvordan dette er bygd opp og hvordan det fungerer.



Utarbeid et sikkerhets- og beredskapssystem for den båten du er ombord på og redegjør for dine plikter i denne forbindelse.

Du har fått ansvaret for å tømme og rengjøre en av skipets dieslbunkertanker. Det er anslått at det er 3-4 kubikk med restdiesel og vann igjen på tanken som transfer-pumpa ikke klarer å suge, før du begynner arbeidet. Beskriv inngående hvordan du vil utføre arbeidet i tråd med gjeldende forskrifter om arbeidsmiljø, sikkerhet og helse.

Maskinsjefen forteller deg at væsken som er på tanken ikke kan brukes til noe, og at du kan kvitte deg med den. Han forteller deg at skipet har fått "Green Awards-godkjenning", og at skipet da har utstyr for avfallshåndtering. Gjør rede for hvordan du i kronologisk rekkefølge skal håndtere dette avfallet og forebygge skadelig utslipp i aktuelle havområder etter gjeldende lover og konvensjoner.

Mens du holder på med arbeidet, går 1. maskinisten forbi deg og gir deg noen råd. Han ber deg bruke «papirbasert eller digitalt oppslagsverk både på norsk og engelsk som støtte for dette arbeidet.» Gjør greie for hva dette innebærer for deg ved denne jobben.

Dagen har gått og du er ferdig med det du ble bedt om å gjøre. Beskriv hvordan du vil vurdere ditt eget arbeid i henhold til arbeidsordre, tegninger, kostnader og standarder som er lagt til grunn for jobben.



www.vigoiks.no/eksamen